ÅRSMELDING 2019

UTDANNINGS FORBUNDET

ULSTEIN

TILLITSVALDE I LOKALLAGET.

Styret har frå 1.august 2019 hatt slik samansetjing:

Leiar (valg)	Stig Grimstad	Ulstein ungdomsskule
Nestleiar / HTV (1 år)	Hedvig Haakonsholm	Ulstein ungdomsskule
Styremedlem (1 år)	Liv Osnes Dalbakken	Ulstein vidaregåande skule
Styremedlem (valg)	Anja Ertesvåg	Ulsteinvik barneskule
Styremedlem (valg)	Ivar Andre Aadland	Vikemarka barnehage
Styremedlem (1år)	Arne Sivertstøl	Hasund skule
Styremedlem (valg)	Ester Lien	Ulstein skule
Styremedlem (1 år)	Sølvi Dimmen	PPT
Styremedlem (1 år)	Ole-Jacob Arnesen	Leiarmedlem

1.vara: (valg)	Nils Olav Brekke	UVS
2.vara: (valg)	Linda Longva	Ulstein kompetansesenter
3.vara: (valg)	Caroline Torgersen	Høddvoll barnehage

Pensjonistkontakt: Torill Strandabø

ARBEIDSPLASSTILLITSVALDE OG KONTAKTPERSONAR

Utdanningsforbundet Ulstein har medlemmer på 20 arbeidsplassar i kommunen, i tillegg til SUFH, som er organisert i eige lokallag. 13 av arbeidsplassane har plasstillitsvald, framleis manglar mange medlemmer ein tillitsvald på arbeidsplassen. Utdanningsforbundet Ulstein har 78 pensjonistmedlemmer.

Arbeidsplasstillitsvalde frå 1.august 2018:

1. Haddal skule	Anett-Elise Garshol
2. Hasund skule	Arne Sivertstøl/Sebastian Eide(haust)
3. Ulstein skule	Ester Lien
4. Ulsteinvik barneskule	Anja Ertesvåg
5. Ulstein ungdomsskule	Knut Åsland Hjelle/Knut Vikebakk(haust)
6. Ulstein kompetansesenter	Einfrid Grindheim
7. Ulstein vidaregåande skule	Nils Olav Brekke
8. Sundgotmarka barnehage	Arnhild Åsmo Bigset
9. Gnist Støylane barnehage	Åse-Mari Sundgot Våge
10. PPT	Sølvi Dimmen/Tina Louise Liadal(haust)
11. Vikemarka barnehage	Ivar Andre Aadland
12. Oppvekst, spesped	Inger-Lise Frøystadvåg

Kontaktpersonar på arbeidsplassar utan arbeidsplasstillitsvald:

1. Almejordet barnehage	Sissel H. Hasund
2. Blåtinden barnehage	Hilde Valland
3. Oppvekstkontoret	Ann-Christin Bonde Helliksen
4. Sætra barnehage	Christin Myrene

5. Tryggheim barnehage — Berit Marie Nystøyl
6. Ulstein kulturskule — Jette Hougard
7. Høddvoll barnehage — Kathrin Rise
8. Ulstein sanse- og aktivitetssenter — Synneve Brit Johansen

VALNEMNDA

Frå 1.august 2019 har fylgjande vore medlemmer i valnemnda:

Beate Farstad	PPT
Renate Fiskaa	Hasund skule
Mari-Ellen Løseth	Ulstein ungdomsskule
Silje Katrin Larsen	Blåtind barnehage

MEDLEMMER

Utdanningsforbundet Ulstein har i 2019 auka medlemsmassa og ved årsskifte auka til 362 medlemmer, frå 338. Styret ved leiar har pr i dag tildelt 40 % frikjøp. Vervearbeidet pågår kontinuerleg. Vi har høg dekning i skulen. Private barnehage er den sektoren vi har størst potensiale for medlemsauke.

AKTIVITET

Styret

Utdanningsforbundet Ulstein har i 2019 hatt 3 styremøte, og 4 utvida styremøte med arbeidsplasstillitsvalde og behandla 52 saker. Antal møte er likt med 2018, men ein har ein auke i saker.

Medlemsarbeid

Vi opna året sterk med eit møte med Simon Malkenes. Leiar Stig Grimstad henta å bringa han til ferjeleiet i Måløy. Vi inviterte lokallaga i Sjustjerna til foredrag og fiskesuppe. 112 møtte opp på ein tysdag ettermiddag. Ellers er arbeidet til leiar m.a. oppdatering av medlemslister, hjelp til spørsmål i samband med tilsettingar, lønn, arbeidstid, trygderettar og pensjon. Vi held fram samarbeidet om grunnskulering TVO1 ilag meg Hareid, Herøy, Ørsta, Volda, Vanylven og Sande. I år hadde vi kurs på Ivar Åsen hotell Ørsta. Lokallaget i Ørsta sto for gjennomføringa. Vi hadde 3 frå Ulstein. Årets Haustmøte var det Armand Westad som var foredragshaldar. I forstillinga "Tøff som naken" tok han oss med på ei utruleg reise tilbake til "Livet".116 tok del av 360 medlemmer. Etterpå var det mat og drøs. Svært gode tilbakemeldingar. Årsmøte er og ei god samling, i 2019 var det 60 frammøtte.

Pensjonistsatsing

Torill Strandabø er pensjonistleiar. I år inviterte vi Pensjonistane til 4 samlingar, men berre ei for berre dei. Det var samlinga på Kvilehytta på Åheim der vi fekk eit flott foredrag om Olivin, i dag Sibelco. 45 møtte opp der Ulstein og Vanylven bidro mest med 16 og 13. I tilegg vart pensjonistane invitert på Årsmøte, Haustmøte med Armand Westad og møte med Simon Malkenes.

Tariff

Hausten 2019 har det kun vore lokale forhandlingar på Kap 5 og Kap 3, konsulentar og leiarar, 6 personer. Forhandlingsutvalet til Utdanningsforbundet Ulstein var Hedvig Haakonsholm, leiar, Anja Ertesvåg, Stig Grimstad og Ole-Jacob Arnesen. Utdanningsforbundet fekk godt gjennomslag for sine medlemmar.

Barnehage
Utdanningsforbundet hadde eit Lunchmøte med styrarmedlemmane sine i 2019. Vi gjekk gjennom Utdanningsforbundet sitt årmøtevedtak 13/19 om mentorordning og rekruttering for barnhagane. Vi vil få til eit eige møte for barnehagen over nyttår. Det er utfordrande å få fleire ATV-ar i barnehagane, men vi har gode kontaktpersonar. Utdanningsforbundet er framleis ikkje representert på leiarmøta til barnehagane.

Årsmøte torsdag 13. mars på Sufh
I år fekk vi besøk av Ole Bjørn Heltberg frå Fylkesstyret. 60 medlemmer var påmeldte.

Kurs:
Både nye og etablerte arbeidsplasstillitsvalde har delteke på kurs også i 2019. Nye tillitsvalde skal gjennom ei grunnskulering i 4 modular. Vi gjennomførte TVO1 i Ørsta ilag med dei andre lokallaga frå Ytre søre. I år har Ulstein 3 nye med på skuleringa, 2 frå KS og 1 frå PBL. TVO 1 vert gjennomført av lokallagsleiarar, TVO 2 og 3 skjer i regi av fylkesstyret. Desse kursa handlar m.a. om avtaleforståing, kommunikasjon og samhandling. TVO 4 finn stad andre året som tillitsvald ilag med erfarne tillitsvalde som får påfyll og repetisjon. I 2019 var det i Ålesund og vi vart betre representert enn på mange år, 7 deltok.
Det vert i tillegg arrangert eigne kurs for HTV og lokallagsleiar.

Nettverksamlingar Ytre Søre.
Lokallaget vårt høyrer til i Nettverk 1, eit nettverk samansett av tillitsvalde frå Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Ørsta, Vanylven og Volda. Leiar er HTV/lokallagsleiar i Vanylven, Geir Sandnes. Dette er gode samlingar, der lokallaga har høve til å melde opp saker ein vil diskutere med andre lokallag. Sindre Sandbakk frå Ørsta har teke over leiarvervet. I vår var vi i Volda, Anja Ertesvåg, Ivar Andre Aadland og Stig Grimstad. I haust hadde vi samling i Loen 12-13 der Liv Osnes Dalbakken, Hedvig Haakonsholm, Ivar Andre Aadland og Stig Grimstad tok del.

SATSINGSOMRÅDA

Prioriterte satsingsområde for 2019-2020.

Landsmøtet 2015 vedtok prioriterte satsingsområde for perioden 2016-2019. Det er ønskjeleg at desse vedtaka skal vere retningsgjevande for arbeidet i heile organisasjonen.

Styret innstiller:
- Få på plass mentorordning for alle barnehagar og skular
- Ha fokus på godt arbeidsmiljø
- Rekruttere fleire barnehagelærarar til lokallaget
- Informere alle medlemmer i lokallaget om den nye stipendordninga, og iverksette ordninga.
- Arbeide for å halde på leiarmedlemmene

For styret i Utdanningsforbundet Ulstein
Stig Grimstad
leiar

ÅRSMELDING HTV vår 2019 (Hovudtillitsvald)

HTV i Utdanningsforbundet er medlem av Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og Administrasjonsutvalet. Utdanningsforbundet tek del på leiarsamlingar i kommunen ilag med Fagforbundet, Delta og Sjukepleieforbundet. Våren 2019 har vi hatt 2 dagsamlingar. Arbeidsmøta til rektorane blir gjennomført 1 til 2 gonger pr. mnd. Dei hovudtillitsvalde har og eit Samhandlingsmøte med kommunelleiinga pr. mnd.

Som ny leiar i AMU, fekk HTV dele ut arbeidsmiljøprisen 2019 til Helsestasjonen. HTV tok og del på Arbeidmiljøkonferansen. HTV har og vore med på piloten Det store Heiltidsvalget der Ulstein kommune er representert med Ulsteinvik Barneskule.

Kontorlokale HTV
Dei hovudtillitsvaldet kom endeleg på plass på Rådhuset. Så frå hausten kunne Hedvig Haakonsholm nytte dei nye lokala. I løpet av september vart lokalet vårt i Bjørndals Minne rydda og tømt. HTV har hatt undervisning fredag 08.00 til 12.30, og ellers vore tilgjengeleg for Utdanningsforbundet. HTV har ikkje hatt noko fast kontortid, har jobba mest heimaifrå, men har vore tilgjengeleg på telefon: 92821935 og mail: stig.grimstad@ulstein.kommune.no

Kommunal tillitsvaldressurs
For 2019 har HTV 45 % frikjøp. HTV brukar frikjøpet mest på tysdag, onsdag og torsdag. HTV har ansvar for dei kommunalt tilsette i Utdanningsforbundet Ulstein, og frikjøpet som leiar gir han ekstra fleksibilitet.

Representasjon i råd og utval
Utdanningsforbundet Ulstein ved HTV har vore representert i:

- Skuleleiarmøta
- Arbeidsmøte med rektorane
- Samhandlingsmøte
- Regionale nettverksmøte
- Administrasjonsutvalet
- Arbeidsmiljøutvalet
- Leiarsamlingar
- Sammarbeidsorganet for Interkommunalt PPT

Stig Grimstad, HTV